



Geir Styve  
Hjelmåsen 37  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1712 - 14/16783

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
09.07.2014

## Stoppordre etter pbl § 32-4/Pålegg om sikringstiltak etter pbl § 28-2 - gbnr 202/3 Hjelmås

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Geir Styve  
Heimelshavar: Geir Styve  
Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

### Saka gjeld

Lindås kommune er gjort kjent med at det er utført vesentlege terrengingrep i form av anlegging av veg, planering av tomteareal m.v. på dykkar eigedom gbnr 202/3, innanfor området BK i reguleringsplanen for Apalen 1, utan at det ligg føre løyve til tiltak.

Det er sendt inn søknad i eitt trinn til Lindås kommune den 18.02.2014, om masseutskifting og grovplanering av område BK. På bakgrunn av feilføring i kommunen, har ikkje byggesak fått saka til handsaming før i juli. Dette er sjølvsagt noko kommunen tek ansvar for.

Det er likevel slik at det er ansvarleg søkjar som har ansvaret for at innsendte søknadar til kommunen inneheldt dei opplysningar som er nødvendige for handsaming. Etter ein gjennomgang av søknaden, kan ikkje Lindås kommune sjå at søknaden er komplett. Brev om trong for tilleggsdokumentasjon er sendt ansvarleg søkjar i dag 09.07.2014.

### Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedomsregisteret til grunn at dykk er eigar av eigedomen. Det er eigars ansvar å syte for at reglane i plan- og bygningslova (pbl) vert halde.

### Førehandsvarsel

Pålegget er ikkje førehandsvarsla med heimel i pbl. § 32-4:

*Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om*

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



*nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.*

### **Synfaring**

Kommunen har vore på synfaring på eigedomen den 08.07.2014.

### **VURDERING**

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 bokstav k om søknadsplikt og krav til løyve. Innsendte søknad er ufullstendig og kan ikkje handsamast ut i frå innsendte dokumentasjon.

Kommunen vurderer at det er naudsynt å gje stoppordre med omgåande verknad av omsyn til å sikre at arbeider vert utført i samsvar med gjeldande plangrunnlag, av omsyn til naboar og omgjevnadane, samt å sikra at arbeidet vert utført av føretak der kommunen har godkjent ansvarsrett.

### **Innsending av søknad i ettertid**

Det er høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid. Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk.

### **Sikring:**

Etter synfaring på staden gjekk det fram at det ikkje er utført nødvendige tiltak for å sikre anleggsområdet, jf. pbl § 28-2. Anleggsområdet ligg opent tilgjengeleg for alle, der det er store steinmassar og nivåforskjellar i terrenget som kan vere til fare for personar som tek seg inn på området. Kommunen gjev pålegg om at dette må sikrast omgåande.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet. Arbeidsstaden må sikrast forsvarleg.**

**Det vert gjeve pålegg om sikringstiltak på byggeområdet omgårande for å sikre mot skade med heimel i plan- og bygningslova § 28-2.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode   | Skildring                  | Tal | Sum   |
|--------|----------------------------|-----|-------|
| 12.1.2 | Vedtak om stans pbl § 32-4 | 1   | 7.600 |
|        |                            |     |       |
|        | Totalt gebyr å betala      |     | 7.600 |

**Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/1712

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

|                                 |      |          |
|---------------------------------|------|----------|
| Adu ingeniør Atle D. Utkilen    | 5953 | FONNES   |
| Nordhordland Grunn og Betong AS | 5954 | MONGSTAD |

**Mottakarar:**

|            |              |      |         |
|------------|--------------|------|---------|
| Geir Styve | Hjelmåsen 37 | 5915 | HJELMÅS |
|------------|--------------|------|---------|